

## **Referat frå årsmøtet/landsmøtet i BKA i Trondheim 25. september 2016**

Ordstyrar: Hans Kristian Solbu

Bisittar: Nina Weideman

To saker som ikkje var komne med på saklista vart tekne med:

Val av valkomite.

Innmeldt sak frå Gustav Paulsen

Referentar: Rakel Berg og Kristin Ese

Protokollunderskrivarar: Synnøve des Bouvrie og Bjørghild des Bouvrie

Tellekorps: Idar Støwer og Elisabeth Finne

### **SAKLISTE**

Sjå sakspapir i landsmøtedokument / på nettet:

<http://www.besteforeldreaksjonen.no/?event=trondhein-landsmote-besteforeldrens-klimaaksjon>

### **Årsmelding:**

Årsmeldinga vart vedteke utan merknader.

### **Reknskap:**

Revisjonsrapport var lagt ut på BKAs nettside, men ikkje vedlagt i papirheftet om årsmøtet. Revisor hadde ingen kommentarar.

Regnskapet vart vedteke.

### **BKA sin rolle i klimasøksmålet mot Staten vedrørande oljeboring i Arktis og § 112 i Grunnlova**

To framlegg vart sett opp mot kvarandre; Styret sitt framlegg mot lokallaget Grenland sitt framlegg. Styret sitt framlegg var lagt ut på BKAs nettside, men var ikkje med i saksdokumenta til landsmøtet.

---

Styret inviterte årsmøtet til å gjøre følgende vedtak:

1. BKA gir sin støtte til de organisasjoner som eventuelt går til rettsak, men vil ikke på det nåværende tidspunkt delta i en søksmålsallianse.
2. Styret oppnevner en arbeids- og aksjonsgruppe som følger saken nøye og får en aktiv støttefunksjon i forhold til organisasjonenes søksmål mot staten.
3. Årsmøtet gir styret fullmakt til å beslutte at man går inn som medsaksøker hvis en finner grunnlag for det.

Forslag fra Grenland til avstemning på årsmøtet om å si *Ja* eller *Nei* til dette vedtaket:  
Årsmøtet beslutter at BKA går inn som medsaksøker i rettsak angående grunnlovens §112».

---

Tileggsforslag frå Hugo Parr vart føyd til begge framlegga;

.... «*forutsatt at det gjøres en avtale som fritar BKA for økonomisk medansvar.*»

Grenland sitt framlegg vart vedteke med 38 mot 27 stemmer.

### **Innkomne framlegg:**

1) *Politisk grunnlag for BKA* [«Våre krav: En ansvarlig klimapolitikk!»], ved Anders Ekeland

Notatet innholder 10 punkter med slik politikk.

Framlegg til vedtak: *Årsmøtet ber styret arbeide videre med politisk plattform for BKA, og at forslaget fra Anders Ekeland legges til grunn.*

Einstemmig vedteke.

2) «*Militærrets betydning for miljø og klima*» ved Trine Eklund (*Bestemødre for fred*)

Årsmøtet tar problematikken med 'Miljøet og Militæret' opp som sak som styret skal undersøke nærmere og lansere som en utfordring for regjering, politiske partier og befolkning.

Framlegg til vedtak: *Årsmøtet ber styret vurdere innspelet frå Trine Eklund.*

Einstemming vedteke

3) «*Besteforeldrenes klimaaksjon, hva er det?*» ved Gustav Paulsen

BKAs årsmøte i Trondheim 2016, anmoder det nye styret om å utarbeide en strategi for aksjoner og aktiviteter i 2017 som gir Besteforeldrenes klimaaksjon en klar profil.

Dette både for å profilere BKA utad, men også for å samordne arbeidet mellom avdelingene slik at vi jobber mer som et lag og ikke som uavhengige grupper.

Framlegget fall med 5 stemmer.

### **Endringsframlegg til vedtekten**

1) *Framlegg frå fra BKA Oslo og omegn: tillegg til vedtekter § 8.- Styret*

«Sentralstyret settes sammen slik at representanter fra ulike lokallag utgjør halvparten av styret. Lokallagsrepresentantene har rapporteringsplikt til og fra sentralstyret.»

Framlegget fall med 9 stemmer.

2) *Framlegg frå styret om å fjerne § 10 – Rådet*

I staden for *Besteforeldreaksjonen* sitt råd (40-50 personer) er det utarbeidd ei ressurs- og kompetanseliste. Til no er 49 personer sett opp med namn, e-postar og kompetansefelt.

Einstemmig vedteke.

### **Val**

Halfdan Wiik trekte seg som leiar avdi årsmøtet vedtok å gå inn som medsaksøker i søksmålet mot staten. Styret har vore informert om dette. Laila Riksaasen Dahl varslet at hun trekker seg fra styret. Hun grunnga det slik: «Jeg ser ikke at det gagner årmøtets flertall at jeg fortsetter i styret.» Framlegg frå salen om ny kandidat: Finn Bjørnar Lund - som ikkje ønskte å ta stilling på så kort varsel til eige kandidatur.

Vedtak: Årsmøtet ba styret arbeida vidare med prosessen om å finna ny leiar i samarbeid med valkomiteen.

*Val av styremedlemmar:*

Utvila fra 8 til 9 medlemmar (i samsvar med vedtekten § 8.).

Finn Bjørnar Lund, Oslo og Akershus, gjenvalt for to år.

Christian Holst, Oslo og Akershus, nytt styremedlem valt for 2 år.

Thom Kåre Eie, Agder, nytt styremedlem valt for 2 år.

Øvrige styremedlemmar (ikkje på val) er:

Laila Riksåsen, Dahl, Oslo og Akershus

Astrid A. Brekken, Oslo og Akershus

Ola Dimmen, Trondheim

Toril Jenssen, Tromsø

Thelma Kraft, Bergen

To av styremedlemmane (som ikkje var på val) uttrykte at dei også kom til å trekkja seg frå styret grunna vedtaket om søksmålet mot staten.

Styret må likevel fungera som eit interimstype til eit ekstraordinært årsmøte blir bestemt.

*Val av revisor:* Anne Lise Lindheim med forbehold om at ho vil.

*Val av valkomite:*

Grethe Mattismoen held fram.

Bodvar Sonstad held fram.

Kristin Aspelund valt som nytt medlem.

25. september 2016

Kristin Ese

Rakel Berg

Bjørghild des Bouvrie

(sign.)

Synnøve des Bouvrie

(sign.)